

10. desember 2013

Miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep.  
0030 OSLO

## **KOMMENTARAR TIL MILJØDIREKTORATETS OVERSENDING AV KLAGE PÅ UTSLEPPSLØYVE TIL RANA GRUBER AS**

Vi viser til Miljødirektoratets brev av 12. november 2013, deira ref: 2013/2989. Vi vil vidare vise til Naturvernforbundets klage på vedtaket om utsleppsløyve og har følgjande tilleggskommentarar til oversendinga frå Miljødirektoratet:

### **1. Feil tolking av EUs vassrammedirektiv**

Vi held fast på at Miljødirektoratet tolkar EUs vassrammedirektiv feil når det gjeld vilkåra for å gje løyve etter § 12 i vassforskrifta, både etter første ledd bokstav b og alternativt etter § 12 andre ledd bokstav b og c.

### **2. Sterkt modifisert vassforekomst**

Vi er samde med Miljødirektoratet i at ein ikkje kan utpeike eit inngrep som «sterkt modifisert» før inngrepet har skjedd, og vi har heller ikkje hevda dette. Vi vil likevel halda fast på at ein må bruke dei same prinsippa for vurdering av nye inngrep etter § 12 som når ein skal vurdere om eksisterande inngrep kan bli klassifiserte «sterkt modifisert». Dersom dette ikkje blir gjort, kan ein risikere å gje løyve til eit nytt inngrep, for straks etterpå å måtte krevja at inngrepet blir fjerna dersom det ikkje kan bli akseptert som «sterkt modifisert». Ei slik sakshandsaming vil skape heilt uhaldbare tilstandar og stor risiko, ikkje minst for tiltakshavar. Dette kan umogleg vera lovgevars hensikt.

### **3. Alternative og meir miljøforsvarlege teknikkar er i liten grad vurdert**

Både vassforskriftas § 12 andre ledd bokstav c og naturmangfaldlovas § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar krev ei reell vurdering av alternative og meir miljøvennlege miljøvennlege driftsformer og tiltak. Som Miljødirektoratet sjølv seier i rettleiing til § 12 i naturmangfaldlova: «Generelt sett skal den løsningen som er best for miljøet velges, selv om den fører til ekstra kostnader.»<sup>1</sup>

#### **a. Strategi for mineralnæringa krev vurdering av tilbakefylling**

*«Tilbakefylling skal utredes som supplement for andre deponeringsløsninger, både på land og i sjø».*<sup>2</sup>

Tilbakefylling er ein teknikk som kan redusere gruvas miljømessige fotavtrykk. Tilbakefylling skal difor bli vurdert reelt, både i følge vassforskriftas § 12, naturmangfaldlovas § 12 og retningsline i Strategi for mineralnæringa.

#### **b. Alternativ drift som opnar for tilbakefylling er ikkje vurdert**

Miljødirektoratet skriv at ettersom Rana Gruber skal bruke skiverasbryting i underjordsdrift, så kan dei ikkje fylle avgang attende i gruva, og metoden tillet heller ikkje å seksjonere gruva. Vi vil hevde at det finst fleire metodar

<sup>1</sup> <http://www.miljodirektoratet.no/no/Regelverk/Lov/Naturmangfoldloven/Bestemmelser-om-barekraftig-bruk/>

<sup>2</sup> Strategi for mineralnæringen, pkt 4.3.2, «Nærmere om deponering av restmasser»

for underjordsdrift som kan tillate tilbakefylling, men dette er ikkje vurdert som alternativ for Rana gruber. Internasjonalt er det ikkje uvanleg å ha underjordsdrift med tilbakefylling i gruvegangane for å stø opp berget mot ras, samtidig som ein går vidare med å bryte både over og under dei områda der malmen er teke ut. Tilbakefylling vil med andre ord ikkje nødvendigvis føre til tildekking og hinder for vidare uttak av ressursar, slik Direktoratet for mineralforvaltning peiker på som eit problem. Vi ber Miljøverndepartementet å stille krav til å få vurdert ei driftsform som tillet tilbakefylling av overskotsmasse under drift for å redusere avfallsmengda.

c. **Pålegg om alternativ bruk av overskotsmasse er ikkje vurdert**

Det er gjennomført utgreiing av alternativ bruk av overskotsmassen, og Miljødirektoratet peiker på mange aktuelle bruksområde og hevdar at dermed er også spørsmålet om alternativ bruk ivaretatt. Vi kan ikkje sjå at Miljødirektoratet har vurdert spørsmålet om å leggja inn eit pålegg om alternativ bruk av delar av overskotsmassane. Vi ber Miljøverndepartementet om å vurdere pålegg om alternativ bruk av overskotsmasse, som ein metode for å redusere avfallsmengda og få betre ressursutnytting.

d. **EU arbeider med meir miljøvennlege driftsformer**

Vi ønskjer å vise det arbeidet som er i gang i EU i samband med «STRATEGIC IMPLEMENTATION PLAN FOR THE EUROPEAN INNOVATION PARTNERSHIP ON Raw Materials»<sup>3</sup> og viser spesielt til «Invisible mine», som kort fortalt dreier seg om å

- i. slutte med dagbrot og gå over til underjordsdrift
- ii. leggja oppreiingsverket nede i gruva
- iii. praktisere direkte tilbakefylling under drift, både for å redusere avfallsmengda og for å få mindre transport
- iv. etablere «usynleg» pilotgruve innan 2020

Vi vil hevde at det arbeidet som skjer i EU-regi viser at det er eit stort rom for å vurdere og gje pålegg om driftsformer som i vesentleg grad representerer meir miljøforsvarlege teknikkar.

4. **Utslepp av slam til Ranelva**

Vi er glade for at Miljødirektoratet opnar for å setja eit øvre tak for utslepp av slam til elva pr år, i tillegg til eit tak for konsentrasjon.

5. **Dagens utslepp av gruveslam til Ranfjorden må bli avvikla**

Miljødirektoratet slår fast at auken i utslepp ikkje vil føre til særleg stor endring i arealet som blir nedslamma og dermed ikkje så stor forverring av miljøtilstanden i Ranfjorden. Vi vil hevde at auka utslepp av gruvemasse vil gjera det vanskelegare å oppnå god miljøtilstand i Ranfjorden, og difor er i strid med vassforskriftas krav om å betre miljøtilstanden. Vi vil også hevde at den komande seksårige forvaltingsplanen for Ranfjorden (vassforskrifta) må omfatte ein plan for avvikling av dagens utslepp av gruveslam for å kunne oppnå god miljøtilstand.

6. **Klage til ESA**

Dersom Miljøverndepartementet stadfestar Miljødirektoratets løyve til auka utslepp av gruveavfall til Ranfjorden, vil Naturvernforbundet vurdere å klage Noreg inn for ESA med grunnlag i brot på EUs vassrammedirektiv.

Vår konklusjon er at Miljøverndepartementet må oppheve vedtaket om utvida utsleppsløyve for Rana Gruber. Vi hevdar at eit utvida utslepp, slik det er gjeve løyve til, vil vera i strid med § 12 i EUs vassrammedirektiv, og at den nye forvaltingsplanen for

<sup>3</sup> <http://www.sgu.se/dokument/anvandarrad/strategic-implementation-plan-for-the-european-innovation-partnership.doc>

Ranfjorden (oppfølging av vassforskrifta) må omfatte ein plan for avvikling av dagens gruveutslepp for å følgje opp krava i direktivet. Vi hevdar vidare at løyvet er brot på naturmangfaldlova, spesielt fordi det ikkje er gjennomført tilstrekkelege utgreingar og gjeve tilstrekkelege pålegg om miljøforsvarlege teknikkar, slik det blir stilt krav om i § 12.

Med helsing

A handwritten signature in dark ink, appearing to read 'Lars Haltbrekken', with a stylized, flowing script.

Lars Haltbrekken  
leiar i Naturvernforbundet

Erling Solvang (sign.)  
leiar i Naturvernforbundet i Nordland